



Speidarleiren i Rødsvågen med Bygdetunet Rød og store tuntre i bakgrunnen.

Det er lenge sidan det har vore ein speidarleir i Uskedalen, men i helga fekk vi ein renessanse på noko som var på 1960 talet. Speidartroppen i Rosendal valde Rødsvågen som leirplass for 22 speidarar, frå fredag til sundag. Turke og varmt ver har ført til brannforbod. Det vart difor ikkje tradisjonelt leirbål i den fine sommarkvelden på Rød.

Anna, dotter til Siv Framnes og Atle Thoresen, er speidar. Det var difor ekstra stas for henne at leiren og campen vart plassert på Rød. Alle matlaging, som til vanleg vert gjort med open eld, måtte gjerast innomhus. Kvinnherad Brannvern har vore klare på eit totalforbod med eld, noko speidarane etterlevde fullt ut.



Med totalforbod med open eld, måtte speidarane bruka fanasien og laga sitt eige leirbål.

Hovudaktiviteten vart bading, men også andre speidarøvingar stod på programmet. 22 speidarar med god latter og song høyrdest på Rød til langt på kveld.

Vertskapet på Rød vonar Rosendalstropen vil halda fram med å bruka Rødsvågen og det fine neset til slike aktivitetar. Margun Øvsthus (Varaldsøy), Frode Ljosnes og Gunn Kleppe har vore ansvarlege leiarar for opphaldet på Rød.

Tekst: Siv Framnes/Kristian Bringdal

Foto: Siv Framnes

Nett: Kristian Bringedal



Kveldsstemming på leirplassen i Rødsvågen.